

Taremareby Kviss

- Her finn du nokre spørsmål om *Taremareby* og om livet i havet.
- Nokre av spørsmåla og bilda er frå framsyninga *Taremareby* (foto: Arild Moen)
- Du finn nesten den same Kvissen (pluss nokre videoar) på: www.teatretvart.no (under *Taremareby*).
- Du kan være med i ein konkurranse om du svarar på Kvissen på nettsidene, eller sender inn dette arket til Teatret Vårt. (Fyll ut namn og adresse til høgre →)
- I slutten av kvar månad (fram til og med juni 2010), blir det trekt ut ein vinnar av boka *"Det hende i Taremareby"*

Fyll ut informasjon om deg her, og send arket til:
Teatret Vårt, Fylkeshuset, 6404 Molde
(eller løys same Kvissen på www.teatretvart.no)

Namn :

Adresse :

.....

.....

NB.

Nokre av spørsmåla kan være vanskelege, men det er sjølvsagt lov til å spørje nokon, eller leite i bøker eller på internett!



1. FLYNDREHELTEN

Den store helten i *Taremareby* er ein flyndregut.

Kva heiter han?

Flyndreflate

Flyndrefant

Super Flyndre



2. FLATE FISKAR

Det finst ulike fiskar som er flate. Fisken på bildet til venstre ser nesten ut som om han har vingar.

Kva heiter fisken?

Flygefisk

Kveite

Skate



3. SJØMUS


Ei sjømus er ein eggforma kråkebolle. Heile kroppen er dekkja av piggar som den kan røre på.

Kva brukar sjømusa piggarne til?
(NB. Det kan være fleire rette svar)

Piggane er berre til pynt

Til å grave seg ned i sanda

Beskytte seg mot fiendar



4. FISK MED SKJEGG

På bildet ser du ein fisk som har skjegg på haka.

Kva slags fisk har skjegg?

Kveite

Torsk

Sild



5. REKER OG REKEMAT

På dagen er rekene mest på botnen av havet. På natta symjar dei oppover for å ete. Dei et bitte små dyr vi kallar dyreplankton og som det finst masse i havet. Det finst både dyre og planteplankton. **Kor mange plankton er det i ein liter vatn frå havet?**

Mellom 500 og 1.000

Mellom 7.5000 og 10.000

Mellom 10 og 20 millionar



6. EIN KAR MED KRAFTIGE TENNER

På bildet ser du ein fisk som har ein kraftig kjeve og skarpe tenner.

Kva heiter denne typen fisk?

- Steinbit
- Hai
- Ål



7. VATN MED OG UTAN SALT

Vatnet i havet inneheld salt, medan elver og innsjøar ikkje gjer det. Dei fleste fiskane lever anten i ferskvatn eller i saltvatn, medan nokre fiskar gjer begge delar. På bildet ser du ein laks og ei flyndre.

Kan nokon av desse fiskane leve både i saltvatn og ferskvatn?

- Både laksen og flyndra
- Berre laksen
- Berre flyndra



8. PINGVIN

Pingvinen er ein fugl. Med dei små vingane er det umuleg for dei å fly. Men i vatnet tar dei seg godt framover. Og dei er sers gode til å dykke.

Kor lenge kan ein pingvin være under vatn?

- Ca 3 minutt
- Ca 9 minutt
- Ca 18 minutt



9. SVERDFISK

Ein sverdfisk kan bli 5 meter lang og veie nesten eit halvt tonn! Den burde altså være lett å få auge på. Likevel er det ikkje mange nordmenn som har sett ein sverdfisk. Kanskje han ikkje finst i Noreg. Eller?

Kvar bur sverdfisken?

- Langt sør i Norskehavet
- Berre i varme havstrøk
- I varme havstrøk, men kjem ein sjeldan gong på besøk til Noreg



10. KRABBE

Krabbane lever både under og over vatn. Du kan også sjå dei i fjæra der dei spring sidelengs. Dei har klør dei kan gripe med, og mange føter til å springe.

Kor mange klør og føter har ein krabbe?

- To klør og 4 par føter
- Fire klør og tre par føter
- To klør og åtte par føter



11. ULKE

Ulke finst langs heile norskekysten. Den kan bli opp til 60 cm. Vanlegvis ligg den nede på botnen og venter på at det skal kome "mat" symjande forbi. Ulken er ikkje så lett å sjå. Difor er det fleire småfisk som kjem litt for nært - og blir spist opp. **Kvifor er ein ulke vanskeleg å få auge på?**

- Fordi den er så liten
- Fordi den ligg heilt stille
- Fordi den er brun eller grøn og flekkete som havbotnen sjølv



12. INGEBRIGT DAVIK

Det var Ingebrigt Davik som laga historiene frå Taremareby. Han skreiv fleire bøker, songar og hadde ei lang rekke barnetimar om denne spanande verda.

Kvar vart Ingebrigt Davik født?

- Ålesund
- Fjørtoft i Haram kommune
- Volda